

Styremøte 2021/3 i Norsk folkemusikklag

Møte på Zoom onsdag 17. februar kl. 09.30–11.30.

Til stades: Bjørn Aksdal, Per Åsmund Omholt, Karin Eriksson, Andrea Kasbo Rygh og Sveinung Søyland Moen (referent)

Meldingar

Sak 14/21 Korte meldingar

a) Informasjonsmøte med Nasjonalbiblioteket om feleverka

Per Åsmund informerte om møtet mellom Nasjonalbiblioteket og institusjonar og organisasjonar som ønsker å få den digitale versjonen av feleverka opp å gå att. Nasjonalbiblioteket har førebels laga ein eigen portal for feleverka der dei har lagt ut bøkene i digitalt format, som ei mellombels løysing:

<https://www.nb.no/forskning/feleverkene/>

Nasjonalbiblioteket har ikkje høve til å vidareføra den digitale løysinga frå Universitetet i Oslo, men filene er tilgjengelege om andre ønskjer å følgja opp. Det er interesse for dette og NFL følgjer saka vidare.

b) Minneord om Jan-Petter Blom

Bjørn informerte om publisert minneord saman med Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans. I tillegg til å leggja dette ut på nettsidene til begge organisasjonar, vart det sendt til Bergens Tidende og Aftenposten. Begge aviser ønskte kortare utgåver til papirutgåvene, men har lagt ut heile minneordet på nettsidene sine. Minneordet er òg delt av ballade.no og folkemusikk.no. NFL sende òg båretbukett til gravferda.

c) Nordiske studentar i mogleg forskningsamarbeid

Andrea informerte om at Unni Løvlid ved Norges musikkhøgskole ønskjer å få til eit felles forskningsamarbeid mellom studentar innan feltet, på tvers av dei nordiske landa. Dei ønskjer å ta utgangspunkt i samarbeidsmodellen mellom NFL og Ungt Forskarforum for Folkemusikk og Dans (UFFD). Det kan vera aktuelt å invitera Unni til å orientera kort om saka på neste styremøte i NFL.

d) Seminar med Ungt Forskarforum for Folkemusikk og Dans

Andrea informerte om at frist for påmelding til UFFD sitt seminar er 25. februar og representantar frå styret i NFL vert oppmoda om å delta.

Årsmøtesaker

Frist for å senda ut årsmøtepapira er 25. februar og styret hadde difor sett av hovuddelen av møtet til ein gjennomgang av desse.

Sak 15/21 Årsmelding 2020–2021

Forslag til årsmelding vart gjennomgått og godkjend med mindre endringar.

Sak 16/21 Arbeidsprogram 2021–2022

Styret har eit langsiktig mål om å etablera eit samarbeid med en vertsinstitusjon i Noreg om å arrangera eit møte i ei av studiegruppene til ICTM. Då den økonomiske situasjonen til laget har vorte noko betre, valde styret å setja dette inn att i arbeidsprogrammet for komande periode, for slik å starta opp att arbeidet.

Forslag til arbeidsprogram vart elles godkjend med mindre endringar.

Sak 17/21 Driftsbudsjett 2021

Forslag til driftsbudsjett vart gjennomgått og godkjend med mindre endringar.

Sak 18/21 Budsjettsøknad 2022

Kulturrådet har endra fristen for søknad om driftsstøtte til 1. mars. Det var difor sett opp eit førebels forslag til driftsbudsjett for 2022 som vart gjennomgått i møtet. Forslaget ved godkjend med mindre endringar.

Sak 19/21 Endring av vedtektene

Ei av vedtektsendringane gjennomført av årsmøtet i 2020, var å utvida valkomiteen med eit ekstra medlem. Det vil difor veljast tre medlemmar, inkludert ein leiar, til valkomiteen i komande årsmøte. Vedtektene seier førebels ikkje noko om kor lenge kvar av desse skal sitja, og valkomiteen foreslår at den tredje medlemmen vert valt for tre år, for slik å sikra eit overlapp i ei rullerande ordning. Styret vil oppmoda årsmøtet til å diskutera saka og ta ei avgjerd i møtet. Det kan vera aktuelt å fastsetja funksjonstid for dei tre medlemmane i valkomiteen, men det må då inn som forslag til vedtektsendring før årsmøtet i 2022. I det innsende forslaget frå valkomiteen til årsmøtet 2021, var det ikkje sett inn forslag til leiar. Bjørn kontaktar difor valkomiteen og ber om at dette vert inkludert i forslaget.

Sak 20/21 Andre årsmøtesaker

Ettersom kontingentsatsane vart auka i 2020, foreslår ikkje styret noka endring til årsmøtet i 2021. Diverre vart satsane referert feil i referatet frå årsmøtet 2020, men dei rette satsane ligg no ute på nettsida til laget.

Andre Saker

Sak 21/21 Samarbeidsavtale med Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans

Bjørn presenterte forslag til samarbeidsavtale mellom NFL og Sff. Styret støttar intensjonane i avtalen og godkjende denne med nokre mindre endringsforslag som vil sendast til Sff.

Sak 22/21 Musikk og tradisjon

Redaktør Karin informerte om framgangen i arbeidet med Musikk og tradisjon 2021. Karin har òg hatt ein samtale med Audun Stokke Hole i bladet Folkemusikk. Dei kan gjerne ta i mot korte notisar frå NFL i bladet. Karin informerte òg om planlagt digitalt møte med redaksjonsrådet i mars. Redaksjonsrådet får gratisabonnement så lenge dei sit i rådet, og styret vart samde om at dei òg får medlemskap i laget for denne perioden. Karin informerer redaksjonsrådet.

Sak 23/21 Vervekampanje

I førre møte vart styret samde om at Sveinung skulle kontakta Novus forlag om kva som finst att av tidligare utgåver av skriftet, med tanke på ein mogleg vervekampanje med skriftet som lokkemat og premie.

Sveinung informerte frå samtale med Olav Røsset i Novus, som kunne informera om at dei har eit større restopplag ev eldre skrift, tilsvarande "ein full pall". Det er eit par nummer som er heilt utselde, men dei fleste nummera er endå tilgjengelege. Novus ønskjer å redusera restopplaget då sal av papirskrift har minka dei seinare åra, og dei reknar med å selja endå mindre i åra som kjem når skriftet no er digitalt tilgjengeleg. Det er ingen restriksjonar på bruken av restopplaget, så det er opp til laget å vurdere korleis ein ønskjer å bruka desse. Novus understreka elles at dei ikkje vil gjera meir med saka før pandemien er over.

Styret vart samde om å ta saka opp att i eit seinare møte med betre tid til å diskutera saka nærare.

Sak 24/21 Saker til heimesida og Facebooksida Fast punkt under styremøta

Sveinung informerte kort om arbeidet med den digitale formidlinga frå NFL. Det bør ut informasjon om samarbeidsavtalen med Sff når denne er klar. Det manglar elles informasjon om æresmedlemmane på nettsidene til laget, og styret vil arbeida for å få dette på plass i løpet av den komande styreperioden.

NFL har per i dag òg fire aktive sider på Wikipedia. Det er sider om NFL og om skriftet på bokmål og nynorsk. Det er eit mål å halda desse oppdaterte, men artikkane frå det siste

nummeret manglar per no. Sveinung er på saka. NFL har førebels ikkje engelske Wikipediasider, men styret er samde om at dette bør på plass på sikt.

Sak 25/21 Neste styremøte

Neste styremøte vert på Zoom onsdag 17. mars kl. 09.00–11.00.